

FORSLAG TIL NYTT PRINSIPPROGRAM



MARS/APRIL 1988

Om Prinsippprogram-diskusjonen

Vi sender her ut et nytt og forkorta forslag til prinsippprogram.

Da SK fatta vedtak om opplegget for prinsippprogram-diskusjonen foran det kommende landsmøtet, gikk vi inn for en begrensa diskusjon om noen utvalgte spørsmål. Vi var mot å ta opp f.eks. sosialismediskusjonen fra forrige landsmøteperiode i sin fulle bredde. Programdiskusjonen foran dette landsmøtet skulle, etter vårt syn, først og fremst videreutvikle og revidere kapitel 4 som handler om den norske kapitalismen og klassekampen i dag, og ta opp noen spørsmål rundt utviklinga av den internasjonale situasjonen og kampen mot imperialismen (kap.3).

SK nedsatte en programkomite som har jobba på det grunnlaget SK vedtok. Programkomiteens forslag til endringer i kapitel 4 og 3 i det nåværende programmet foreligger nå ferdig til diskusjon i laga.

Imidlertid er det mange i partiet som har tatt til orde for at vi trenger et nytt program, mye kortere og mer standpunktprega enn det nåværende. Kamerater har pekt på at det er vanskelig å bruke det nåværende programmet overfor folk som er interessert i å vite hva AKP(m-l) står for, fordi det er så omfattende. Et så svært dokument hindrer også mange partimedlemmer i å ta del i debatten om partiets program, og favoriserer folk med intellektuell bakgrunn. SK er enig i disse innvendingene mot det nåværende programmet. SK har derfor gitt Pål S. [redacted] i oppdrag å lage et nyskrevet, kort programforslag, som altså foreligger her. Det er ikke behandla i noe SK-organ.

Hensikten med nyskrivinga er ikke å undergrave eller omgjøre det som ble vedtatt på forrige landsmøte. Det nye, korte programforslaget bygger på det nåværende, pluss på det arbeidet prinsippprogram-komiteen hittil har gjort.

Når det gjelder diskusjonen i laga, går vi inn for følgende opplegg:

- Laga skal prioritere å diskutere de *standpunktene* som prinsippprogram-komiteen har lagt opp til i det materialet som blei sendt i forrige rutine. Dette dreier seg bl.a. om synet vårt på utviklinga av arbeiderklassen, og på endringene i den internasjonale situasjonen. Standpunkter må vi ha uansett om programmet er kort eller langt.
- Laga skal ta standpunkt til om de ønsker at det nåværende programmet (fra 1984-landsmøtet) eller det nye, korte forslaget, blir lagt til grunn for behandlinga på landsmøtet. Det er sjølsagt landsmøtet som fatter den endelige avgjørelsen om dette, men det er viktig å vite lagas mening.

Alt dette kan kanskje skape litt rot i planer og opplegg for

programdiskusjonen, men vi tror det skal gå bra. SK har sett det som viktigere å reagere på signaler fra kamerater som ønsker et kortere program, enn å klamre seg til tidligere vedtak.

Kameratslig hilsen SK/AU v/Kjersti

PROGRAMKOMMENTAR

Arbeiderkamerater i partiet har oppmuntra meg til å forsøke å forkorte og stramme inn prinsippprogrammet. Dette er noe jeg lenge har brent for. Men det er ei oppgave jeg ikke riktig har vågd å gå på, før disse arbeiderne nærmest ga meg ordre om det. Når også et enstemmig SK ba meg om å gjøre et forsøk, var det ingen vei tilbake. Jeg takker for dette presset. Jeg har nå gjort denne jobben etter beste evne. Om dette er godt nok får det være opp til partiet å vurdere.

Jeg skal legge fram noen argumenter for at det var nødvendig å stramme inn og forkorte programmet.

Noen synes å tru at ei sak står sterkere jo mer ordrik den er. Som oftest er det omvendt. Vi beundrer de islandske ættesagaene for deres korthogde og fyndige språk. På tross av det knappe språket er de metta med innhold og mening.

Et prinsippprogram er ikke skjønnlitteratur. Det er heller ingen argument-samling eller noen studiesirkel. Et prinsippprogram skal meisle ut prinsipper. Da bør orda veies på den samme vekta som Snorre brukte til å veie replikkene til Einar Tambarskjelve. Forklaringene, agitasjonen, dokumentasjonen og drøftinga får overlates til andre. Dette er mitt syn.

Det skader ikke å nevne at det også var meninga til Engels og Lenin.

Engels sa at "hvert overflødig ord svekker programmet". Lenin slo ned på enhver gjentakelse, enhver overlapping og omtrentlighet. ⁽¹⁾

AKPs program er fullt av gjentakelser. Sjølve strukturen borger for det, fordi det er gitt at et problem først behandles internasjonalt, så nasjonalt og så i sin spesielle sammenheng. Dessuten er programmet ordrikt. Prinsippene drukner i ord.

Dette er synd, for det er veldig mange bra standpunkter og prinsipper i AKPs program. Det er bare så vanskelig å se dem blant alle orda.

Gjentakelser i et program er ikke bare uheldig fordi det er overflødig. Det skaper også uklarhet. Hva mener man egentlig, første eller andre eller tredje formulering? Det må oppstå tolkningsproblemer, med mindre formuleringene er eksakt like hver gang. Og da ville jo gjentakelsene bare være sidefyll.

Et ordrikt program er også lite demokratisk. Det favoriserer intellektuelle og er plagsomt for arbeidsfolk.

Målet mitt i dette arbeidet har vært å skulle si **det samme** på mye mindre plass. Jeg har ikke villet revidere prinsippene. Der hvor jeg har gjort

ting som **innholdsmessig** er annerledes enn programmet, har jeg markert det med *halvfeit* tekst.

Jeg innser sjølsagt at forkorting er å ta stilling. Jeg har lempa ut en masse tekst som jeg ikke finner viktig nok eller presis nok for vårt **prinsippprogram**. Dette kan det stå strid om. Jeg har prøvd å gjøre programmet noe mer norsk. Riktignok er programmet på et slags nynorsk. Men syntaksen, setningsbygginga, er nærmere dansk. Massevis av substantiverte verb og mengder av passivformer skjemmer teksten. Dessuten har programmet en tendens til **defensiv holdning**: Etter at et prinsipp er formulert positivt, kommer det for sikkerhets skyld ei negativ formulering av det samme prinippet: "**Det må være sånn og slik, for hvis det ikke er sånn og slik, så...**" Jeg har luka ut mye sånt. Men det kan virke uvant for dem som har vent seg til den repeterende stilen.

Ved forkorting er en del punkter redusert til nesten ingenting. Det kommer dessverre av at disse punktene nesten **ikke inneholdt noen ting**. Noen punkter er bare mer ordrike gjentakelser av overskriften. Der har også hogd snaut.

Noen punkter i programmet inneholder **ingen prinsipielle standpunkter** i det hele tatt. Dem har jeg fjerna. Det eneste som står om kulturrevolusjonen er at den blei starta av Mao og at vi ikke har noen samla oppfatning av den. **Vekk med det**. Punktet om Stalin er like innholdsfattig. **Vekk med det også**. Kapittel 8 er en høystemt gjentakelse av vedtektene i en noe idealisert versjon. Det er skjært ned til ættesaga-stil.

For å komme gjentakelsene til livs har jeg vært nødt til å stokke om både på kapitler og punkter. Men jeg har gjort det så varsomt at det skulle være mulig å kjenne seg igjen.

Den viktigste **strukturendringa** er at jeg har tatt den delen av kapittel 3 som handler om imperialismen allmennt og lagt sammen med kapittel 1. Som handler om imperialismen allmennt. Den delen av kapittel 3 som handler om hva vi skal gjøre mot imperialismen har jeg lagt til det kapitlet som handler om kampen under kapitalismen. Dermed er tallet på kapitler redusert fra 8 til 7.

Vår programmatisk svakheter.

Etter denne programmatisk flatehogsten står det en del røslige mastefuruer igjen:

- Vi har en ganske velutvikla klasseanalyse, der kvinneanalysen utgjør en viktig del. (Helheten i klasseanalysen hadde fortjent ei bok, så kunne programmet vært enda knappere.)
- Vi har en god, men ikke helt oppdatert internasjonal analyse.
- Vi har en del velfunderte oppsummeringer av kommunismens historie.
- Og framfor alt: Vi har et ganske velutvikla program for den politiske

¹⁾ Se Engels' kommentar til Erfurtprogrammet og Lenins kritikk av Plekhanovs programutkast i 1902.

sida av det sosialistiske samfunnet. (Den økonomiske sida av sosialismen er lite utvikla, men det får vi nok tid til.)

Fjerninga av underskogen gjør det mulig å se det vi kan være stolte av.

Men, dessverre blir det også ganske tydelig hva vi mangler. Det ordrike programmet er så overveldende at manglene ikke synes. Og hva er manglene? Jo, vi mangler et program for kampen framover i retning av sosialismen; et minimumsprogram; en strategi, eller hva man vil kalle det. Jeg har samla alt det som det nåværende programmet sier om dette i et nytt kapittel 4. Og det er ikke stort.

Dette gjenspeiler AKPs store problem. Er det noe rart vi blir økonomister? Er det noe rart at partiet deles opp i fagligparti og kvinneparti og kulturparti og miljøparti, når det ikke finnes noen samlende strategi for hvordan hele partiet skal rykke nærmere sitt strategiske mål?

Det lå utafor min oppgave å løse dette problemet, men jeg har i hvert fall kledd det nakent ved å fjerne alle de orda det skjulte seg bak.

Har jeg lykket?

Jeg hadde håpa på å få skjært vekk 3/4 - 75 % - av programmet. Jeg lyktes bare i å kappe vekk 2/3 - 66 %. Så jeg har ikke lykket helt i å nå det målet jeg satte meg. Jeg mener det kunne vært mulig, hvis jeg hadde forenkla strukturen i programmet ytterligere. **Vi burde være så klartenkte at vi kunne ha hatt et program på maks 20 sider.** Jeg trur fortsatt Snorre og Engels ville synes det er mye langhalm i min kortversjon.

I øyeblikket står dette programutkastet utelukkende for min egen regning. Jeg veit ikke om SK vil støtte det. Jeg veit ikke hva programkomiteen vil si. Men det får våge seg. Her er forslaget.

Det vil sikkert komme kritikk av det arbeidet jeg har gjort, ja det **bør** komme kritikk. Noen vil ha inn ting de mener er urettmessig kasta ut. Noen vil ha andre formuleringer. Noen synes at mine korte setninger endrer meningsinnholdet. Greit. Kom med endringer og motforslag. Men vær kort!

3. mars 1988

Pål S. ...

1. Imperialismens siste tid på jorda

1.1. Klassesamfunnet veks fram

Menneske har levd på jorda i hundretusener av år. Men klassesamfunn og klasseundertrykking har bare vore til i nokre tusen år. Før produksjonen var serleg utvikla fantes det ikkje noko overskot som kunne halda oppe ein ikkje-produktiv overklasse. Med utviklinga av jordbruket, handverka og nye produktivkrefter vart det skapt eit slikt overskot. Det la grunnlag for privateigedomen og med det og klasseskilja, og dei valdsorgana som overklassen trong for å sikra makta si. Undertrykkinga av kvinnene voks fram i den same prosessen, der familien blei garantien for mannens eigedom og mannens kontroll av kvinne og born. Skiljet mellom by og land og skiljet mellom åndsarbeid og kroppsarbeid har og røtene sine i tida med framvoksteren av klassesamfunnet.

Klasser og klasseundertrykking, kvinneundertrykking osb. er såleis ikkje resultat av menneskenaturen, men knytt til ein bestemt periode i menneskesamfunnet si utvikling.

Heilt sidan dei første klassesamfunna oppsto har menneskesoga handla om klassekamp. Det er det arbeidande folket som er hovuddrivkrafta i historia. Sjølv om folket har lide nederlag gong på gong i historia, vil det reisa seg mot undertrykkarane heilt til all klasseundertrykking og annan undertrykking er avskaffa på jorda.

1.2. Kapitalismen og den moderne arbeidarklassen.

Kapitalismen fekk det avgjerande gjennombrøtet sitt gjennom den industrielle revolusjonen som starta sist på 1700-talet. Store borgarlege revolusjonar feide adelen til side og borgarskapet tok makta i dei leiande statane. Sidan la kapitalismen heile verda under seg. Den europeiske og nord-amerikanske kapitalismen førte vidare den omsynslause utplyndringa over heile jorda som tok til i kolonitida og dei skapte ein imperialistisk verdsøkonomi.

Kapitalismen har vore den snøggaste og mest dramatiske utviklinga av produksjonen i historia, for kapitalismen kan berre eksistera gjennom stadig å revolusjonera produktivkreftene. Men med det skaper kapitalismen heile tida sine eigne kriser, der utviklingskreftene blir øydeleggjingskrefter. Store delar av dei verdiane som er skapt, vert øydelagt av krig og krise for å ryddja vegen for eit nytt oppsving.

Kapitalismen kunne ikkje eksistera utan å skape ein moderne arbeiderklasse, proletariatet, som er den produktive klassen som skaper verdiane i den kapitalistiske produksjonen. Av alle dei klassane som vert undertrykt av den moderne imperialismen, er det proletariatet som er mest konsentrert og som har mest å tene på å avskaffa kapitalismen fullstendig. Proletariatet kan ikkje frigjera seg på nokon annan måte enn ved å avskaffa kapitalismen. Derfor kan ingen annan klasse enn proletariatet leida kampen mot kapitalis-

men og for sosialismen. Men proletariatet kan ikkje sigra utan ein einskapsfront med dei andre klassane og gruppene som vert undertrykt av imperialismen.

Eit nytt trekk ved den moderne kapitalismen er at kvinnene no i stor målestokk har blitt lønnsarbeidarar, og derfor ei enda viktigare kraft i klassekampen.

Det imperialistiske verdssystemet har kome til eit punkt der dei veldige produktivkreftene gjer opprør mot byttemåten, eigedomstilhøva og det økonomiske systemet i det heile. Den imperialistiske utbyttinga fører til massesvilt for millionar av menneske kvart år. Den kapitalistiske rovdrifta trugar no sjølve livsvilkåra på jordkloten. Skogdøden, ørkenspreiinga, øydelegginga av ozonlaget, utryddinga av tallause dyr- og planteartar, forgiftinga av luft, jord og vatn er direkte resultat av den imperialistiske verdsøkonomien.

1.3. Vår tid er tida til revolusjonane

Pariskommunen i 1870 var det første forsøket på at arbeidarklassen tok makta for å styra sitt eige samfunn. Oktoberrevolusjonen i 1917 innleida ein ny epoke med sosialistiske revolusjonar. Den kinesiske revolusjonen i 1949 og ei rad med andre revolusjonar i Asia, Afrika og Latin-Amerika knuste det gamle kolonisystemet.

Det var eit verdshistorisk nederlag for folket då ein ny, byråkratisk overklasse tok makta i Sovjet-unionen og utvikla den tidlegare arbeidarstaten til ein kapitalistisk undertrykksstat og ein imperialistisk supermakt. Det har og vore mange andre nederlag for revolusjonane det siste hundreåret. Men likevel har dei sosialistiske revolusjonane og freistnadene på å bygga sosialismen vore store og lovande framganger for folket i heile verda. Dei syner at det arbeidande folket kan ta makta over samfunnet og dei verdiane dei har skapt. Dei varslar kva veg folket må følgje for å frigjera seg.

1.4. Dei grunnleggjande motseiingane i vår tid er:

- motsetningane mellom imperialismakten og dei undertrykte landa og nasjonane,
- motsetninga mellom borgarskapet og arbeidarklassen i dei kapitalistiske landa,
- motsetningane mellom dei imperialistiske landa og
- motsetninga mellom dei imperialistiske og sosialistiske landa.

Styrkeforholdet mellom desse motsetningene vil veksla på grunn av den ujamne utviklinga av kapitalismen. I dag domineres verda av motsetninga mellom imperialismen og dei undertrykte folka og nasjonane i den tredje verda.

1.5. Teorien om tre verdner.

Denne teorien delar verda opp i tre hovudgrupper:

- **Den første verda**, som er dei to imperialistiske supermaktene USA og Sovjet.
- **Den andre verda**, som er dei andre høgt utvikla kapitalistiske landa.
- **Den tredje verda**, som er det store fleirtalet av landa i verda, dei tildlegare kolonilanda i Asia, Afrika, Latin-Amerika og fleitalet av landa i Oceania.

1.5.1. Den 3. verda.

Folka og nasjonane i den 3. verda vert hardt undertrykte av imperialismen. Det store fleirtalet av folka på jorda bur i desse landa og blir haldne nede i fattigdom fordi imperialismen ranar til seg rikdommene deira og hindrar deira økonomiske utvikling og frigjering.

Frigjeringsskampen i den tredje verda er hovudkrafta i kampen mot imperialismen i dag, og den sterkaste delen av den proletariske sosialistiske verdsrevolusjonen. Den kampen folka i den tredje verda fører rettar dei hardaste slaga mot det imperialistiske verdssystemet. Fordi undertrykkinga er så sterk femnar kampen i den tredje verda også til tider lokale utbytterklasser. Nokre regjeringar og statar som driv undertrykking i sine egne land vert tvungne til å ta del i denne kampen for ei tid.

1.5.2. Supermaktene.

Supermaktene er dei einaste imperialistlandane som er sterke nok til å kjempa om verdsherredømme. Dei rivaliserar om hegemoniet over heile verda. Frigjering og revolusjon kan berre sigra i vår tid i kamp mot supermaktene.

USA blei den sterkaste imperialistmakta etter den 2. verdskrigen. Men USA er blitt svekka av frigjeringsskampen og revolusjonane i den tredje verda og i den økonomiske kampen med dei mindre imperialistmaksene. Framleis er USA den dominerande vestlege imperialistmakta.

Sovjet har blitt ei aggressiv imperialistisk supermakt, med ein militarisert økonomi. Det er innretta på å bruke våpenmakt for å vinna verdsherredømme. Men Sovjet har indre økonomiske problem og motar hard motstand frå fleire av dei landa som er okkuperte eller dominerte av Sovjet. Særleg det afghanske folket har gitt Sovjet harde slag.

Sovjet og USA er dei største eksportørane av undertrykking, folkemord og fascistisk diktatur i verda i dag.

1.5.3. Den 2. verda

Landa i den 2. verda vert truga og kua av supermaktene sin aggresjon. Men dei er og sjølve utbytтарstatar som tar aktivt del i utbyttinga av den tredje verda.

Japan og Vest-Tyskland har styrka seg økonomisk i kampen mot USA og er i dag de viktigaste utfordrarane til USA si økonomiske makt. Men ingen av desse landa har førebels ei militær styrke til å utfordra USA for alvor.

Utvidiinga av EF og samordninga innanfor EF har styrka dei europeiske imperialistlanda i utbyttinga av resten av verda, og styrka dei i kampen mot USA.

Europa og Midt-Austen er dei viktigaste stridsområda for imperialismen. Rivaliseringa om desse områda kan utløysa ein ny verdskrig.

1.6. Undertrykte nasjonalitetar og nasjonar

I store delar av verda har koloniseringa redusert den opphavlege befolkninga til eit mindretal i sine egne land og tatt frå dei råderetten over naturgrunnlag og naturrikdommar. Mange er hardt undertrykte. Heile grupper er truga med utsletting. Imperialismen har skapt mange nasjonale problem i den tredje verda, der mange nasjonalitetar er undertrykte av ein herskarnasjon.

Den kampen desse undertrykte nasjonane fører for frigjering er ein rettvís kamp og treng støtte frå arbeidarklassen over heile verda.

1.7. Imperialismen og kvinnene

Imperialismen har tatt over det patriarkalske undertrykkingssystemet frå tidlegare samfunn og sett kvinneundertrykkinga endå meir på spissen. Kvinnene si rolle som jordbrukar i mange land i den tredje verda har gjort dei ekstra undertrykka med innføringa av det kapitalistiske marknadsjordbruket. Kvinnene blir og brukte som ei billig og svært undertrykt arbeidarklasse i den nye industrien i "eksportsonane", og vert undertrykte gjennom ein imperialistisk og seksistisk slavehandel, prostitusjon og pornografisk industri.

Den internasjonale kvinnekampen spelar ei stadig viktigare rolle i kampen for å styrta imperialismen.

1.8. Krig under imperialismen.

Imperialisme betyr krig. Det kan ikkje bli slutt på all krig for det imperialistiske verdssystemet er avskaffa. Vi ønsker å avskaffe krig, men imperialismen kan ikkje styrtast utan revolusjonær frigjeringskrig. Vi skil mellom rettvís og urettvís krig. Imperialistiske åtakskrigar er urettvise. Anti-imperialistiske forsvarskrigar er rettvise.

Den ujamne utviklinga mellom imperialismaktene og rivaliseringa mellom dei er kjelde til krig under imperialismen.

Kreftene som virkar mot ein imperialistisk krig kan påvirka tidspunkt for utbrotet, omfanget og forløpet av krigen. Dersom desse kreftene er sterke nok, kan dei i nokre høve hindra denne konkrete krigen. Men det betyr ikkje at det er mogleg å hindra **alle** imperialistiske krigar, noko røynslene frå tida etter den 2. verdskrigen syner klårt.

1.9. Trugsmålet om ein 3. imperialistisk verdskrig.

Rivaliseringa mellom dei to supermaktene kan føra til ein ny verdskrig. USA er strategisk på defensiven, medan Sovjet har styrka seg. Kampen mellom supermaktene pågår med mange fredelige og ufredelige middel, men i siste instans vert kampen om verdsherredømme avgjort av militærmakt.

I dag er det ei brennande oppgåve å styrkja dei kreftene som står mot desse krigsførebuingane.

Å gje etter for supermaktene sitt press eller trugsmål frå dei, aukar i røynda krigsfaren. Det er naudsynt å styrka evna og viljen til å forsvara den nasjonale sjølvråderetten mot supermaktsaggresjonen.

1.10. Den veksande krisa i det imperialistiske systemet

Utplyndringa av dei fattige landa har blitt enno meir grotesk og syner at fleirtalet av folket på jorda ikkje har noko å vinna på ei fortsatt kapitalistisk utvikling. Om ein ny verdskrig bryt ut vil det vera den største katastrofen nokon gong. Den imperialistiske økonomien har aukande problem og rivaliseringa mellom dei leiande imperialismaktane aukar heile tida. Eit nytt økonomisk samanbrot kan bli resultatet av denne krisa. Dei økologiske krisene trugar heile den økonomiske og politiske strukturen på jorda. Samla er dette den skarpaste krisa imperialismen har vore inne i til no. Krisa peikar mot eit samanbrot for heile det imperialistiske systemet.

2. Løysinga: Eit nytt, kommunistisk verdssystem

2.1. Eit kommunistisk verdssystem

Løysinga på dei krisene kapitalismen har skapt må bli å skipa ein heilt ny verdsøkonomi, tufta på heilt andre prinsipp enn dei noverande. Det som må til er å

- *avskaffe profitten som drivkrafta i økonomien og menneske si utbytting av andre menneske,*
- *avskaffe anarkiet i produksjon og ressursbruk,*
- *oppheva makta til dei internasjonale monopola. I staden må det skipast*

ein solidarisk økonomisk verdsorden,

- *skapa nasjonale, regionale og internasjonale planer,*
- *utvikla ein ny type sosialistisk planøkonomi som tar opp i seg omsynet til det økologiske systemet og som sameinar overordna planlegging med lokal skaparkraft og demokrati,*
- *avskaffa lønnsarbeidssystemet; fordeling etter behov istadenfor etter konkurranseevne,*
- *oppheva skiljet mellom åndsarbeid og kroppsarbeid,*
- *oppheva byane si utbygging av landsbygda,*
- *bryta dei kjønnsmessige, rasemessige og nasjonale privilegia og undertrykkingssystema.*

Ei slik omlegging vil vera den største politiske og økonomiske revolusjonen i menneskesoga. I røynda vil det vera ein kommunistisk verdsrevolusjon, avskaffing av klassar og klasseundertrykking. Ei så radikal endring av verdsøkonomien vil taka fleire generasjonar og må vera resultatet av ei lang rekkje med sosialistiske revolusjonar og frigjeringskampar i dei einskilde landa. Kampen vil bølga fram og attende og det er uråd å seia i dag kva slags konkrete former eit slikt system vil få. Dette vil ikkje vera eit idealsamfunn utan problem og motseiingar. Den historiske oppgåva til kommunismen er å løyse dei alvorlege motseiingane som kapitalismen har skapt. Det vil frigjera menneska og skapa vilkår for ei allsidig og fri utvikling for alle.

Ei kommunistisk verdsordning er ikkje berre naudsynt. For første gong i verdshistoria er kommunismen mogleg. Dei materielle vilkåra er til stades for å skapa eit samfunn der alle har tilstrekkelig med mat, klede, husvere, utdanning, helse og sosial og økonomisk tryggleik. *Men det hastar å styrta kapitalismen, fordi det òg er mogleg for kapitalismen å øydeleggja livsvilkåra for eitkvart menneskesamfunn om han ikkje vert styrta i tide.*

2.2. Røynslene frå sosialistiske revolusjonar

Kapitalismen og imperialismen held seg ved makta ved ei sterk militærmakt og kan derfor bare styrtast gjennom revolusjonære folkeopprør. Slike revolusjonar må vera folkemassane sitt eige verk, og ikkje noko kupp. Tilhøva for ein revolusjon blir til gjennom ei revolusjonær krise i kapitalismen sjøl. Revolusjonen krev leiing, organisering og førebuing. Den kan bare sigra med våpenmakt. Parlamentsval kan ikkje innføra sosialismen og sosialismen veks heller ikkje fram av statsdrift under kapitalismen. Sosialismen kan ikkje koma ved utanlandsk invasjon. I land som er lite økonomisk utvikla kan ikkje den sosialistiske revolusjonen gjennomførast beinveges, men gå vegen om ein **nydemokratisk revolusjon**.

2.3. Sosialismen, ei overgangsform mellom kapitalisme og kommunisme.

Før det kan skipast eit klasselaust, kommunistisk samfunn er det naudsynt med ein overgangsform mellom kapitalismen og kommunismen. Dette overgangssamfunnet er **sosialismen**. Den historiske oppgåva til sosialismen er å skapa føresetnadene for kommunismen.

Etter at kapitalismen er styrta, finst det framleis klassar, det finst kvinneundertrykking, stor skilnad mellom åndsarbeid og kroppsarbeid osv. Det er fare for ei gjenoppretting av kapitalismen. Derfor trengst det ein periode med revolusjonær omdanning av samfunnet før ei høgare samfunnsform kan verta utvikla. I fattige land vil det og trengst ein lang periode med utvikling av økonomi og produksjon, slik at dei materielle forholda blir mogne for eit samfunn utan klassar. I heile denne perioden vil der vera klassekamp, kvinnekamp og miljøkamp.

3. Kapitalismen i Noreg

(Tidl. kap. 4)

3.1. Særdrag ved kapitalismen i Noreg.

Noreg er eit av dei yngre kapitalistiske landa i Europa. Det var skipsfarten og utanlandske investeringar i Noreg som knytta landet til den imperialistiske verdsøkonomien. Desse banda har seinare vore forsterka av politiske og militære alliansar. Den industrielle utviklinga er tufta på råvarer, halvfabrikata og billig energi. Kapitalen har tradisjonelt vore lite konsentrert.

Det moderne Noreg er eit monopolkapitalistisk samfunn med ei sterk samanknytting mellom kapital, stat og dei store organisasjonane. Denne modellen vart utforma av sosialdemokratiet. Så lenge kapitalismen var inne i ein oppgang fekk arbeidarklassen auka sosiale goder og sosial tryggleik mot å underordna seg klassefreden. No vert desse sosiale godene undergravde.

Framvoksteren av oljeøkonomien har lagt grunnlaget for ein langt meir aggressiv norsk imperialistisk økonomi med omfattande kapitaleksport. På 1980-talet har borgarskapet innleia ei omstilling av norsk økonomi med nedlegging av tradisjonell tungindustri og internasjonalisering av norsk kapital. Omstillinga betyr også ei storstilt nedlegging av småproduksjonen i primærnæringane og nedbygging av helse-, sosial- og utdanningsvesenet.

Noreg er nært knytt til USA. USA har sterk kontroll over det norske militærvesenet gjennom NATO. Sovjet styrkar militærapparatet sitt langs norske grensar og farvatn. Sovjet har og eit sterkt fotfeste på norsk jord på Svalbard. Plasseringa av Noreg gjer landet til eit viktig bytte i ein storkrig.

Norsk og europeisk kapital freistar igjen å gjera Noreg til EF-medlem, på tvers av folkets nei frå 1972.

I perioden med utvikling av den norske nasjonalstaten la Noreg under seg store samiske område, og samane vert framleis undertrykte i Noreg.

3.2. Klassar og klassemotsetningar.

3.2.1. Hovudmotsetninga i Noreg

Det norske samfunnet er eit klassesamfunn. Eit lite mindretal eig produksjonsmidla, fabrikkane, gruvane osv. og annan kapital, som bankane og forsikringsselskapa. Dette mindretalet, borgarskapet, har den økonomiske makta til å rå over arbeidsplassar, levekår og miljø, medan det store fleirtalet er lønnsarbeidarar. Dei ikkje har noko anna alternativ enn å selja arbeidskrafta si for å overleva. Mellom desse hovudklassane finst det klassar og grupper som står i ei mellomstilling.

Hovudmotsetninga i det norske samfunnet går mellom borgarskapet (kapitalistklassen) og proletariatet (arbeidarklassen). Under t.d. okkupasjon vil motsetninga mellom folket i Noreg og okkupanten bli hovudmotsetninga.

3.2.2. Borgarskapet

Til borgarskapet høyrer:

- kapitaleigarar,
- tilsette leiarar av privat og statleg monopolkapital,
- toppleiarar i staten, forsvaret og kommunane,
- mange av leiarane i store organisasjonar og parti,
- dei rike spissane blant dei intellektuelle.

Heile borgarskapet har sams interesse av den kapitalistise utbyttinga. Herskarane innanfor borgarskapet er sjiktet som styrer den private og statlege monopolkapitalen (blant dei toppane i DNA/LO). I Noreg tar borgarskapets diktatur form av monopolapitalens diktatur.

Innanfor borgarskapet finst det mange skarpe motsetningar, m.a. mellom stor og liten kapital, statleg og privat, norsk og utanlandsk, og mellom ulike monopolgrupper. Monopolkapitalen og statskapitalen styrkar seg og toppane i monopolgruppene, staten og organisasjonane blir stadig meir samanvevde. Tradisjonelle eigarar av einskilte kapitalar får mindre vekt.

3.2.3 Arbeidarklassen (proletariatet)

Arbeidarklassen omfattar arbeidarane i industri, olje og gruver, bygg og anlegg, transport, fiske og landbruk, og dei underordna lønnsarbeidarane i handel- og kontoryrke, helse- og sosialsektoren, og i annan offentleg verksemd. Arbeidslause og trygda arbeidarar og dei ikkje-yrkesaktive frå arbeidarfamiliene høyrer til arbeidarklassen. Arbeidarklassen held fram med å auka, både i tal og i del av befolkninga.

Arbeidarane i dei større verksemdene i produksjon og transport er den

tradisjonelle kjerna i arbeidarklassen. Dei er konsentrerte, godt organiserte, er strategisk plasserte i produksjon av merverdien, og dei står i direkte konfrontasjon med dei viktigaste delane av borgarskapet. Fleirtalet av kjerneproletariatet er menn, jamvel om det og er store kvinnelege arbeidargrupper innanfor denne delen av klassen. Kjerneproletariatet er den strategisk viktigaste krafta i kampen mot kapitalismen og for sosialismen. Frå midten av syttitalet har det tradisjonelle kjerneproletariatet vore noko redusert i tal.

Talet på yrkesaktive kvinner har auka radikalt dei siste tiåra. Det har m.a. ført til at halve den yrkesaktive arbeidarklassen no er kvinner. Kvinnene høyrer til den mest utbytta og undertrykte delen av arbeidarklassen. Deira stilling som både arbeidarar og hovudansvarlege for hus- og omsorgsarbeid har gjort dei til ei ny leidande kraft i arbeidarklassen, ved sida av kjerneproletariatet. Kvinnemedvitet spelar ei viktig rolle for å samla denne delen av arbeidarklassen til kamp. Dei er dårleg organisert, både som klasse og kjønn, men er mindre påverka av den sosialdemokratiske dominansen enn kjerneproletariatet. Som arbeidarar og kvinnemedvitne kan dei lettare sjå behovet for eit sosialistisk samfunn.

Det er ei svært viktig oppgåve å styrka alliansen mellom desse to leidande kreftene innanfor arbeidarklassen.

Nokre titusen arbeidarar frå den 3. verda spelar ei veksande rolle innanfor arbeidarklassen. Dei er dei mest utbytta og undertrykte arbeidarene, og dei kan koma til å spela ei viktig revolusjonær rolle.

3.2.4. Dei nye funksjonærsjikt

Den raske voksteren av den offentlege sektoren og dei krava som den nye teknologien stiller til utdanna arbeidskraft, har skapt svære funksjonærsjikt. Dei har utdanning og formell posisjon som er høgare enn arbeidarklassen, men det store fleirtalet av dei har løner og levevilkår som ligg på line med og jamvel under store delar av arbeidarklassen. Undertrykkinga av dei aukar; dei nærmar seg raskt arbeidarklassen, og dei styrkar fagforeiningane sine. Det store fleirtalet av desse funksjonærane er kvinner. Dei jobbar i helse-, sosial- og utdanningsvesenet og andre formar for offentlig og privat teneste.

3.2.5. Dei intellektuelle

Dei intellektuelle er ingen klasse, men ei sjikt som delar seg på fleire klassar. Dei sterkt prega av småborgarskapet sin ideologi. Eit mindretal av dei høyrer til borgarskapet, ei større gruppe er ei frittstående småborgarleg gruppe, medan fleirtalet er tilsette i offentlege og private verksemdar. Det er sterk sosial mobilitet mellom dei intellektuelle og mange av dei kan gjera

karriere ved å gå i teneste for borgarskapet.

3.2.6. Bønder og fiskarar.

Dei fleste bønder og fiskarar er små sjølveigarar, eller halvproletarar som og har inntekt frå arbeidaryrke i tillegg til næringsinntekta. Mindretalet av dei er rike småborgarar eller kapitalistar. Men dette mindretalet har hand om samvirkeorganisasjonane og yrkesorganisasjonane og samarbeidar nært med staten. Staten og finanskapitalen førar ein aktiv politikk for å ruinera fleirtalet av bøndene og fiskarane.

Dei små sjølveigarane har mykje slit for lita inntekt. Sjøl om dei har minka i tal er dei strategisk viktige for matforsyning, busetting og i høve til frigjeringskrig eller revolusjon. Dei slåss mot staten og kapitalen for å overleva som klasse. Kvinnebøndene gjer mykje av arbeidet utan å få eiga inntekt. Fleirtalet av bøndene og fiskarane er arbeidarklassen sine strategiske allierte.

3.2.7 Andre småborgarlege grupper

Resten av småborgarskapet er m.a. mindre butikkeigarar, sjølvstendige handverkarar og sjølvstendige i transport. I desse gruppene står ideologien med "å jobba seg opp" sterkt. Mange av dei sjølvstendige næringsdrivande blir utkonkurrerte av kapitalistane, men har vanskeleg for å slåst saman med arbeidarklassen.

3.2.8. Grupper utan inntektsgevande arbeid

Dei fleste unge under 20 år og mange under 30 år er under utdanning. Familiebakgrunn og framtidig jobb har mykje å seia for deira posisjon. Men fleirtalet av dei kjem i skarp motsetning til staten, som gjev dei dårlege økonomiske tilhøve. Studentane og elevane kan reisa store progressive masserørsler, men må knytta seg til den radikale arbeidarrørsla om desse skal verta noko meir enn "døgnfluger".

Dei uføre og alderstrygda vert stadig fleire, 3/4 av dei er kvinner. Staten byr mange av dei kår som gjer at dei må leva i naud. Dei treng støtte frå den yrkesaktive arbeidarklassen for å vinna fram med krava sine.

Dei heimearbeidande kvinnene er heilt avhengige av inntekta til mannen og har få rettar.

Dei arbeidslause er kapitalens reservearbeidskraft som trekkast inn på arbeidsmarknaden eller kastast ut etter kapitalen sine behov. Fleirtalet av dei er kvinner. Mange unge arbeidslause har aldri hatt arbeid.

"Filleproletariatet" er m.a. uteliggjarar, prostituerte, mange yrkeskriminelle, narkomane og arbeidslause alkoholikarar. Dei er offer for kapitalismen,

men manglar ofte den solidariteten som er naudsynt for å reisa seg.

3.2.9. Det sosiale grunnlaget for reformismen.

Superprofittane til imperialismen gjorde det mogleg å utvikla privilegerte sjikt med bakgrunn i arbeidarklassen og arbeidarrørsla. Sosialdemokratiet har bygd opp eit stort fagleg byråkrati som verkar som garantist for klassesamarbeidet. Det er og rekrutteringsgrunnlag for offentleg byråkrati og andre posisjonar med ansvar innanfor systemet. Mange av dei sosialdemokratiske toppleiarane er rekrutterte heilt opp i borgarskapet gjennom dette apparatet.

Dette sjiktet er det største sosiale grunnlaget for reformismen, og for borgarleg herredøme over arbeidarklassen. Tilsvarande system er utvikla i høve til andre store masseorganisasjonar.

3.3. Andre motsetningar under kapitalismen.

3.3.1. Kvinneundertrykkinga

Kapitalismen har tatt over den tusenårige kvinneundertrykkinga og vevd den inn i sitt økonomiske system. Kapitalismen utnyttar kvinnene mangedobbelt. Ein føresetnad for den kapitalistiske utbyttinga av lønnsarbeidet er at hus- og omsorgsarbeidet er privat og at kvinnene gjer det gratis. Dette gratisarbeidet er på storleik med lønnsarbeidet i samfunnet. Sjølv om kvinnene i dag er yrkesaktive i ein heilt annan grad enn tidlegare, har dette ikkje endra deira rolle som gratisarbeidarar i heimen. Slik held kapitalismen prisen på mennene si arbeidskraft nede og held kvinnelønna på eit endå lågare nivå, kvinnelønn er spe-på-lønn. Dette råkar alle kvinner anten dei lever i ein familie eller ikkje. Det finst inga drivkraft i profittøkonomien til å gjera mesteparten av dette privatarbeidet samfunnsmessig.

Arbeidsmarknaden er sterkt kjønnsdelt. Kvinnene finst for det meste i få, rutineprega yrke og halvparten av dei jobbar deltid. Dei er ei fleksibel arbeidskraft og ei reservearbeidskraft.

Slik fungerer familien som ei økonomisk grunneining og som ein del av dei kapitalistiske produksjonsforholda. Det er uråd å oppheva kvinneundertrykkinga utan å oppheva kapitalismen.

Denne undertrykkinga pregar alle institusjonar og forhold i samfunnet. Den herskande ideologien framhevar menn og undertrykker kvinner. Porno og prostitusjon framstiller kvinnene som bruksting for menn. Porno er ein kapitalistisk storindustri som gjer kjempeprofitt på sadisme og kvinneforakt. Porno førar til auka seksuell undertrykking og seksualisert vald.

Menn som kjønn undertrykker kvinnene. Menn har fordelar av kvinneundertrykkinga, og har makt over kvinner, også makt til å sikra privilegia

sine. Menn si undertrykking av kvinner er med på å halda kapitalismen ved lag. Dette strir mot dei grunnleggjande klasseinteressene til menn i arbeidarklassen og det arbeidande folket. Dei har strategiske interesser av kvinnefrigjerung.

3.3.1.1. Undertrykking av homofile

Så lenge kjernefamilien er den grunnleggjande økonomiske og sosiale eininga i samfunnet, vil det vera eit materielt grunnlag for undertrykking av homofili, fordi kjærleik og seksualitet overfor eige kjønn fell utanom det mønsteret som samfunnet er tufta på. Den homofile frigjeringskampen har nære felles interesser med kampen for kvinnefrigjerung. Lesbiske blir spesielt undertrykte både som homofile og som kvinner.

3.3.2. Nasjonal undertrykking

Den norske nasjonen er herskarnasjonen i Noreg og undertrykkar andre nasjonalitetar. Samstundes er norsk språk, nynorsk, framleis undertrykt.

Samane er eit av urfolka på Nordkalotten. Kolonialismen har delt sameland mellom fire statar. Den norske staten har rana til seg samisk land og systematisk undertrykt samisk økonomi, kultur og språk. Staten freistar å øydeleggja den samiske nasjonen og tvinga samane til å bli nordmenn.

Kvenane, den finske minoriteten er og offer for nasjonal og språkleg undertrykking.

Innvandrarar frå den tredje verda vert hardt undertrykte av den statlege rasismen. Fleirtalet av dei høyrer til den mest undertrykte delen av arbeidarklassen. Innvandarkvinnene er særleg undertrykte.

Den nasjonale undertrykkinga og rasismen er prega av:

- særlover som råkar innvandrarar,
- språkleg, religiøs og kulturell undertrykking,
- færre demokratiske rettar for minoritetar,
- dårleg rettstryggleik for innvandrarar,
- mangelfullt skolevesen for samar, kvenar og innvandrarar,
- rasistisk propaganda og utbreidde fordommar.

Arbeidsfolk kan berre sigra når arbeidarar og undertrykte av alle nasjonalitetar står saman og kjempar mot rasismen og sjåvinismen.

3.3.3. Motsetninga mellom by og land

Kapitalismen skjerpar motsetninga mellom by og land. Byane og tettstadene har styrkt seg på utkantane sin kostnad. Kyst-Noreg og særleg Nord-Noreg har blitt spesielt hardt råka. Næringsgrunnlaget vert utplyndra og den stалеge poitikken førar til avfolking. Matvareproduksjonen blir undergravd og med

det noko av grunnlaget for norsk sjølvstende. I dei største byane aukar fattigdommen, og fleirtalet i byane opplever ei krise med auka leviekostnader og mindre sosial tryggleik.

3.3.4. Økologi og øydeleggjing av natur og miljø

Den kapitalistiske jakta på maksimal profitt er hovudårsaka til veksande økologiske kriser. I høve til den rovdrifta, øydeleggjinga og forgiftinga som kapitalen er skuld i, er reformane og mottiltaka som staten set i verk for små, dei kjem for seint og dei råkar ikkje hovudproblema. Desse krisene kan ikkje løysast så lenge profitten styrar økonomien og produksjonsmidla eigast og disponerast av ein liten utbytarklasse.

3.3.5. Motsetninga mellom intellektuelt og manuelt arbeid

Dei fleste får aldri brukt meir enn ein liten del av evnene sine. Klassevel-det er og eit ekspertvelde. Dei teknologiske føresetnadene er langt på veg til stades for å avskaffa mykje av skiljet mellom manuelt og intellektuelt arbeid. Men overklassen vil ikkje gje slipp på kunnskapsmonopolet sitt. Han vil heller ikkje gje arbeidsfolk slike materielle tilhøve at dei kan ta del i kunnskapen og styringa av samfunnet.

3.4. Den norske staten

Staten (all statleg og kommunal verksemd) har som hovudoppgåve å forsvare monopolkapitalens diktatur. Kjerna i staten er valdsmakta (hær, politi, fengel, overvaking osv.). Ho er retta mot ytre fiender og kriminalitet, men og mot folket. Borgarskapet i Noreg har herska med lite bruk av open vald, men om kapitalmakta vert truga er valdsmakta klår til å slå ned arbeidarklassen og folket, jamvel med hjelp frå dei allierte i NATO.

Staten er den ideelle felleskapitalisten og legg tilhøva til rette for den kapitalistiske utbyttinga. Han er og den største kapitalisten og kjøparen av arbeidskraft og varer og privatkapitalen er avhengig av staten. Oljeøkonomien har gjeve statssektoren ei rask auke.

Saman med toppane i dei store organisasjonane og monopolkapitalen har staten utvikla eit korporativt klassesamarbeidssystem.

Staten spelar ei stor rolle i **ideologiproduksjonen** til borgarkapet. Staten driv ikkje berre skolen, kyrkja, mesteparten av kringkastingsverksemda mm., men det meste av annan kulturproduksjon og vitskap er også avhengig av staten.

I offisiell norsk ideologi er den norske **velferdsstaten** noko heilt einestå-ande i verda. I røynda utvikla dei fleste høgt utvikla kapitalistiske landa liknande system med eit nett av sosiale velferdstiltak for arbeidsfolk. Dels

var det konsesjonar til ein sterk klassekamp frå arbeidsfolk, og dels var det tiltak som kapitalismen trong, slik som til dømes omfattande utdanning. I oppgongstida etter den andre verdskrigen vart det lettare for kapitalismen å gje slike konsesjonar. Men no vert desse velferdssystema angripne i dei same kapitalistiske landa, og Noreg er heller ikkje nå noko unntak.

Formelt veljer folket statsleiinga og jamvel motstandarar av kapitalismen har **demokratiske rettar**, rett til å stilla til val osv. Men i røynda ligg makta hos monopola og eit embetsverk som er kapitalen sine trugne tenarar. Borgarskapet ønskjer at kapitalismen skal ha ein demokratisk fasade, for det kamuflerar den verkelege makta og kanaliserar folket sin misnøye i ei retning som ikkje er farleg for kapitalmakta. Dei borgarleg-demokratiske illusjonane står sterkt i Noreg og hindrar arbeidarklassen sin kamp for frigjering. Folket må likevel verja dei demokratiske rettane og kjempa for å utvida dei. Overfor eit trugsmål om eit fascistisk diktatur må folket stri for å halda på det borgarlege demokratiet.

Det reformistiske synet på staten som eit nøytralt organ heva over klassene, er eit av dei sterkaste ideologiske forsvara for den borgarlege statsmakta. Dette synet står sterkt i arbeidarklassen og er ein av dei viktigaste hindringane for at arbeidarklassen og folket skal ta opp kampen for å styrta kapitalmakta og skipa eit sosialistisk samfunn.

3.5. Partisystemet

Partia fyllar ei viktig oppgåve ved å leida massane sin opposisjon og misnøye inn i parlamentariske og dermed ufarlege kanalar. Høgre og dei andre tradisjonelle borgarlege partia representerar ulike borgarlege tradisjonar og grupper, men i hovudsakene står dei for den same politikken. Dei har vore trufaste tilhengjarar av USA-imperialismen.

DNA er det viktigaste borgarlege partiet i Noreg, fordi partiet har makta over fagrørsla og den største makta over arbeidarklassen. DNA er hovudarkitekten for den moderne norske statskapitalismen. DNA skapte alliansen med USA. Dei viktigaste pro-sovjetiske politikarane har søkt seg til DNA. DNA har sugd opp og nøytralisert opposisjonen mot kapitalismen. DNA er også det partiet som mest effektivt kan knebla arbeidarklassen og gjennomføra åtak på han.

Dei mindre borgarlege arbeidarpartia SV og "NKP" er haleheng til DNA i innanrikspolitikken, medan "NKP" og einskilde grupper i SV er haleheng til Sovjet i utanrikspolitikken.

4. Utviklinga av klassekampen under kapitalismen

(Tidligere kap. 6)

4.1. Kampen for reformer

Klassane kjempar kvar dag. Desse kampane rører ikkje ved makta til kapitalistklassen. Men dei fastset i mange høve kva kapitalistklassen kan tillate seg å gjera og kva han ikkje kan gjera. Arbeidsfolk må føra denne kampen for livsinteressene sine om ikkje undertrykkinga og utbyttinga skal bli enå hardare. AKP(m-l) vil tena folket og alltid ta del i og gå i brodden for den daglege kampen for arbeidsfolk sine interessar. (Partiets program for ulike sider av denne klassekampen er slått fast i partiets arbeidsprogram, militærprogram og sameprogram.)

Kapitalistane kan godta mange slags konsesjonar og reformer, så lenge dei held makta over økonomien og staten. Om folket skulle vinna fram på nokre område, brukar kapitalistane makta si til å minka verknadene av slike singlar.

For å få til grunnleggjande endringar må heile det kapitalistiske systemet styrtast. Men for å gjera dette treng folket omfattande røynsler frå klassekampen. Her ligg den langsiktige og revolusjonære verknaden av den daglege klassekampen. Han kan auka talet på dei som forstår at det kapitalistiske systemet må avskaffast og auka talet på dei som er røynde i å føre ulike kampar mot klassefienden. Dei lærar taktikk og strategi, dei lærar om sine egne og fienden sine styrker og svakhetar og dei lærar å stå saman. Slik førebur den daglege klassekampen folket på **kampen** for å ta makta i heile samfunnet.

Partiet må ta del i alle desse kampane og settja dei inn i det langsiktige perspektivet. Partiet må ikkje forfalla til ein reformistisk, økonomistisk og perspektivlaus kamp. Ein av dei viktigaste oppgåvene i dag er å auka talet på kommunistar og revolusjonære.

4.2. Fagrørsla.

(Er tatt ut av klasseanalysen og ført inn her.)

Fagrørsla er den viktigaste masseorganisasjonen i Noreg. Den vart skapt av arbeidarklassen i kamp mot utbytting og undertrykking. LO-leiinga går aktivt inn for å øydeleggja fagrørsla som kamporganisasjon. Dei har knebla fagrørsla gjennom lov- og avtaleverket, samarbeidar med staten og kapitaleigarane mot medlemmene i fagrørsla og har gjort fagrørsla til ei mjølkeku for Arbeidarpartiet.

Vi kjempar for ei fri og uavhengig fagrørsla som førar klassekamp mot staten og kapitalen for medlemmene sine interesser, ei fagrørsla som handlar solidarisk med alle fagorganiserte som er i kamp, som kjempar mot alle former for kvinneundertrykking, rasisme og fascisme og som stør arbeidarar og undertrykte over heile verda. Ei slik fagrørsla kan ikkje vera underbrukt av noko parti, og ho må stri mot byråkrati og pampevelde innad.

4.3. Kvinnerørsla.

(Er tatt ut av klasseanalysen og ført inn her.)

Kvinnerørsla er ei stor masserørslе og ei viktig samfunnsmessig kraft. Grunnlaget for styrken til den nye kvinnerørsla er at kvinnene har blitt yrkesaktive i stor målestokk og har tatt utdanning. Kvinnerørsla spelar ei stor rolle for å utvikla kvinneomedvitet. Kvinneorganisering og kvinneomedvit er naudsynt for at kvinnene skal kunna slåst for interessene sine som kjønn. Fordi kvinneundertrykkinga råkar alle kvinner, er det grunnlag for breie alliansar mellom dei. Men sjøl om einskilde borgarkvinner kan stilla seg på kvinnekampen si side, vil dei som gruppe handla i pakt med klasseinteressene sine.

Kvinnerørsla må retta kampen mot det kapitalistiske systemet som undertrykker kvinnene, men og mot den makta menn har over kvinner. Kvinnerørsla må ta del i kampen mot imperialismen. Innanfor kvinnerørsla har arbeidarkvinnene ei særskilt viktig rolle. Som kvinner og arbeidarar er dei ein fortropp i kampen mot all kvinneundertrykking og klasseundertrykking, mot kapitalismen og for sosialisme og kommunisme.

4.4. Kampen mot imperialismen.

(Tidl. kap. 3)

4.4.1. Einskapsfronten mot imperialismen.

Den viktigaste felles oppgåva for folk i verda er å byggja opp ein brei, internasjonal einskapsfront mot dei to supermaktene Sovjet og USA. Dei er det største hinderet for verkeleg revolusjon, frigjering og framskritt i verda. Hovudkrafta denne fronten er den kampen folkemassane i den 3. verda fører mot imperialismen. Kampen må og omfatta det arbeidande folket i dei industrialiserte landa og dei to supermaktene sjølve. Det er bra om regjeringar i den 2. verda, slik som den norske, stør ein slik front i einskilde saker, for det splittar dei imperialistiske kreftene og isolerar supermaktene. Men slik støtte vil vera vaklande og mellombels.

Utviklinga av fronten mot supermaktene står ikkje i motstrid til å utvikla klassekampen. Det er og naudsynt å føra kamp mot dei mindre imperialistane, mellom anna mot norsk imperialismе. AKP vil halda fram kampen mot norsk medlemskap i EF.

4.4.2. Kamp mot ABC-våpen og folkemord.

Supermaktene utviklar særskilte våpenslag og doktrinar til bruk for folkemord. Det er naudsynt å reisa kampen mot dette.

Vi stør kravet om at supermaktene skal rusta ned, redusera dei konvensjonelle styrkane sine og øydelegg lagra sine av atomvåpen, biologiske våpen og kjemiske våpen (ABC-våpen).

Det er ei avsporing å stilla kravet om avrustning til frigjeringsrørsler eller sjølvstendige land som blir truga eller angripne av supermaktene. Det

er ein illusjon å tru at nedrustning kan gjera slutt på krigane så lenge imperialismen finst. Nedrustningsforhandlingar blir brukte for å føra opprustning bak eit røykteppe av fredsprat, og er ein del av det strategiske spelet mellom supermaktene.

4.4.3. Kampen for fred.

Folk over heile verda fryktar med rette ein 3. verdskrig. Millionar av menneske over heile verda har protestert mot krigsførebuingane. Samstundes er det strid om kva line ei fredsrørsle skal følgja for å tena kampen mot krigen. Kampen for fred må:

- Støtte den væpna frigjeringskampen som folka i den tredje verda førar mot imperialismen, som er den sterkaste krafta mot den imperialistiske krigen.

- Retta seg mot kjeldene til krigen, dvs. i første rekkje mot dei to supermaktene.

- Avsløra den falske fredsviljen og fredspropagandaen til supermaktene og ikkje la seg utnyttja til å tene interessene til den ene eller den andre av dei.

- Støtte retten til å vergja sjølvråderetten mot imperialistiske åtak.

4.4.4. Kva som må gjerast dersom verdskrigen bryt ut.

Dersom ein tredje verdskrig bryt ut, med dei katastrofale følgjene den vil få, finst det berre ein utveg. Det er å reisa ein langvarig folkekrig mot imperialismen og for nasjonal frigjering og demokrati. Arbeidarar og undertrykte over heile verda må gå saman for å styrta imperialismen og leggja dette brutale systemet i grava for alltid, slik at parolen "aldri meir krig" kan bli røyndom.

Dersom Sovjet set i verk eit åtak på Noreg, er det rett å stø den forsvarskrigen som det borgalege norske forsvaret føret så lenge som råd. Karakteren som dette forsvaret har, gjer at det vil bryta saman etter ei tid. Derfor er det naudsynt å utvikla ein folkekrig heilt frå starten.

I kampen mot ein okkupant må arbeidarklassen og folket slå seg saman med alle som vil slåst mot okkupasjonen i ein breiest mogleg nasjonal einskapfront og ein frigjeringshær. Delar av kapitalistklassen vil søkja kompromiss med okkupanten. Derfor er det viktig at arbeidarklassen vinn hegemoniet i den nasjonale motstandskampen. Berre då kan han bli ført fram til siger. Om arbeidarklassen har leinga i motstandskampen kan han hindra at sigeren blir ein siger for kapitalistane og imperialistane. Slik kan ein nasjonal motstandskrig verta startfasen til ein sosialistisk revolusjon.

5. Sosialistisk revolusjon i Noreg

5.1. Føresetnadene for ein sosialistisk revolusjon i Noreg

Målet for arbeidarklassen i Noreg er å styrta kapitalismen og skapa eit sosialistisk samfunn. Ein revolusjon vert mogleg når dei indre motsetningane i kapitalismen har utvikla seg langt nok.

Revolusjonen må tuftast på fleirtalet av folket - på arbeidarklassen, småbrukarar, fiskarar, arbeidande intellektuelle osv. Borgarskapet vil bruka alle middel, også militærmakt, for å knusa revolusjonen. Derfor må folket vera budd på å gjennomføra revolusjonen med våpenmakt og forsvara sosialismen med våpen.

Revolusjonen må vera førebudd og organisert, den må vera tufta på ein einskapsfront av alle revolusjonære klassar og grupper og det trengst eit kommunistisk parti i leiinga.

Revolusjonen i Noreg kan ikkje sigrå utan internasjonal solidaritet frå arbeidarklassen og folket over heile verda. Dei revolusjonære kreftene må utnytta motsetningane mellom imperialistiske statar for å hindra dei i å slå seg saman mot revolusjonen.

I høve til dei landa som har prøvd å byggja sosialismen til no, vil sosialismen i Noreg ha nokre klåre fordelar, mellom anna ein høgt utvikla økonomi, stor og røynd arbeiderklasse, demokratiske tradisjonar og eit høgt utdanningsnivå. Men Noreg har og ulemper; mellom anna eit stort borgarskap som er røynd i borgarlege herskateknikker over folket, ein økonomi som er sårbar og sterkt knytt til imperialismen og sterke reformistiske tradisjonar i folket. Økonomisk og klassemessig har Noreg eit gunstig utgangspunkt for å byggja sosialismen.

5.2. Dei første oppgåvene i revolusjonen

Den første oppgåva i revolusjonen er å erobra den politiske og økonomiske makta. Det vi seia:

- å erstatta diktaturet til borgarskapet med proletariatets demokratiske diktatur,
- å gjera monopola og statsbyråkratiet sin kapitalistiske eigedom til den sosialistiske eigedomen til folket.

Dette krev:

- at all borgarleg og imperialistisk militærmakt vert oppløyst og erstatta av ei ny folkeleg og sosialistisk våpenmakt,
- at det opprettas ei revolusjonær regjering med brei støtte i arbeidarklassen og folket,
- at revolusjonen sikrar Noregs økonomiske, politiske og militære sjølvstende,
- at det skipast ein dominerande sosialistisk sektor i økonomien der målet er å styrka sosialismen og betra folkets liv,

- at det opprettas eit revolusjonært demokrati for det arbeidande folket med former for arbeidarkontroll i økonomi og stat,
- at det gamle statsbyråkratiet erstattas av revolusjonære maktorgan som har utvikla seg gjennom kampen.

5.3. Riv Noreg laus frå det imperialistiske verdssystemet:

- Den sosialistiske staten må kontrollera utanrikshandelen. Utanlandsk imperialistisk eigedom i Noreg må konfiskerast.
- Noreg må fri seg frå einsidige avtalar og alliansar som gir imperialistiske makter fotfeste i Noreg.
- Noreg må forsvara sitt nasjonale sjølvstende og sin suverenitet, medrekna suvereniteten over Svalbard.
- Noreg må seia frå seg all norsk imperialistisk eigedom og territoriale krav, slik som krava på land i Antarktis.
- Noreg må stø alle som strir mot imperialismen, for frigjering og revolusjon.

5.4. Den sosialistiske økonomien

5.4.1. Sosialistisk eigedom.

Når revolusjonen i sin første periode har gjort monopola til sosialistisk statseigedom er alle dei viktigaste produksjonsmidla, finansvesenet og alle strategiske næringar sosialisert. Alle verksemder som spelar ei viktig rolle i militær produksjon må og gjerast til statseigedom. Det må skipast statsmonopol på utanrikshandelen.

Kapitalistisk eigedom som ikkje høyrer til monopola blir gjort til statseigedom i eit tempo og i former som høver til situasjonen. Det vil spela ei rolle kva haldning eigarane tar til revolusjonen og sosialismen. Om det vert aktuelt med privat drift i ei overgangstid, krev det streng kontroll frå arbeidarorganisasjonane og staten.

Dei få, store jord- og skogeigedomane vert gjort til statseigedom.

Bønder og fiskarar som lever av sitt eige arbeid, får halda på jorda og produksjonsmidla. Dei skal ha stønad av staten til å halda fram med produksjonen, og hjelp til friviljug å utvikla samvirkeordningar. Berre om dei ønskjer det sjølve kan eigedomen deira gå opp i sosialistiske samvirkeeeigedom. Slikt samvirke må tuftast på deira eiga rørsle og ikkje tvingast på dei utanfrå.

Dei same prinsippa for friviljug samvirke vil også gjelda annan småborgarleg eigedom.

5.4.2. Sosialistisk planøkonomi.

Med grunnlag i den sosialistiske statssektoren må det utviklas ein sosialistisk planøkonomi. Planen må tena folket sine langsiktige og kortsiktige behov. Den må:

- vera tufta på ei demokratisk masserørsle og ikkje vera statsbyråkratiet sin plan,
 - byggja på omsynet til økologiske vilkår,
 - nytta ressursane slik at det også tener langsiktige interessar og framtidige generasjonar,
 - samsvara med dei politiske målsetningene til sosialismen om å bryta ned klasseskilja, avskaffa kvinneundertrykking og nasjonal undertrykking osv.,
 - fremja og oppmuntra lokalt initiativ og skaparkraft.
- Vokster i seg sjølv er ikkje eit gode om veksten krenkjar desse grunnleggjande forholda.*

Eit sosialistisk Noreg må handla på verdsmarknaden og kan ikkje isolera seg frå han utan at det får store skadeverknader for økonomien.

Det vil vera naudsynt med ein omfattande vareproduksjon.

Planen må syta for at dei sosialistiske sektorane i økonomien styrkar seg i høve til dei sektorane der det framleis vil finnast restar av kapitalistiske tilhøve. Men sosialismen må ikkje gå for raskt fram slik at økonomien får atterslag og sosialismen sjølv får problem.

5.4.3. Betra folkets liv og byggja eit nytt samfunn.

Hovudmålet for sosialismen er å betra folkets liv, avskaffa arbeidsløysa, sikra bolig, helsestell, utdanning, eldreomsorg, kultur osv. for alle. Ny teknologi nyttas til å fjerna tungt, einsformig og farleg arbeid, korta ned normalarbeidsdagen og produsera fleire slike forbruksgodar som folk verkeleg har bruk for. Dette betyr og å bryta med den ressursløyande "bruk-og-kast"-økonomien i forbrukarsamfunnet og skapa varig tryggleik og velferd for folket.

Bryta med den samfunnsmessige arbeidsdelinga.

Ny teknologi gjer det mogleg å setja ned arbeidstida i rutineprega produksjon og administrasjon, spreia kunnskap og leggja eit materielt grunnlag for å frigjera arbeidarklassen til å ta direkte del i leiinga av staten og produksjonen. Det vil seia å bryta ned skiljet mellom intellektuelt og manuelt arbeid.

Full kvinnefrigjering.

Sosialismen må frå første stund byrja å overføra oppgåvene frå familien til samfunnet og bryta ned kjønnsarbeidsdelinga. Kvinnene må ha økonomisk sjølvstende, ha lik løn og like vilkår med menn, ha makt i staten og produksjonen. Kvinnene må delta på lik line med menn i alle organ og posisjonar som har stor makt.

I staden for det noverandre private ansvaret i familien må det utviklas samlivsformer som byggjer på likeverdige forhold mellom kjønna, samfunnsansvar for forsørging og omsorg, alle (også barn, gamle og arbeidsudyktige) er økonomisk sjølvstendige og uavhengige. Like rettar utan omsyn til seksuell legning.

Slutt på rovdrift på natur og miljø.

Når profitten er avskaffa avskaffa som drivkraft i samfunnet, ligg vilkåra til rette for å hindre rovdrifta på natur og miljø. Men all historisk røynsle syner at også sosialismen kan gjera grove feil mot naturmiljøet. Derfor må det verta skapt ein ny type sosialistisk planøkonomi der omsynet til miljøet er ein del av det økonomiske grunnlaget for samfunnet. Men samstundes må miljøkampen halda fram under sosialismen.

Bryta ned skiljet mellom by og land.

Overskotet og den nye teknologien gjer at sosialismen i stadig mindre grad er avhengig av at produksjon og kunnskap samlar seg i dei store byane. Heile landet kan få dei same økonomiske og kulturelle vilkåra. Sosialismen kan ta til å bryta ned skiljet mellom by og land.

5.4.4. Klassekamp og utvikling av produksjonen.

Det er naudsynt med ei kraftig utvikling av produktivkreftene for å sikra det materielle grunnlaget for sosialismen og kommunismen. Men det er klassekampen i samfunnet som avgjer om produktivkreftene vert utvikla i samsvar med dei arbeidande massane eller borgarskapet sine interesser. Utviklinga av produktivkreftene og kva veg denne utviklinga skal ta, er derfor eit av dei viktigaste områda for politisk kamp under sosialismen.

For å hindra for godt at eit nytt borgarskap tar makta må samfunnet omskapast så mykje at dei historiske føresetnadene for kapitalisme ikkje lenger er til stades. Sosialismen må frigjera produktivkreftene og føra ~~den~~ industrielle og teknologiske revolusjonen opp på eit høgare nivå, frigjera menneska frå arbeidsdelinga si tvang, og omskapa ideologien og kulturen i samfunnet. Når dei materielle tilhøva ligg til rette må distribusjonen ikkje lenger skje på grunnlag av pengeøkonomi og varemarknad. Ei full utvikling av eit slikt samfunn krev sosialistiske revolusjonar over store delar av verda.

5.5. Den sosialistiske staten.

5.5.1. Proletariatets demokratiske diktatur

Den sosialistiske staten bygger på interessene til proletariatet (arbeidarklassen), arbeidande bønder og fiskarar, underordna funksjonærar og andre i liknande yrke, og arbeidande intellektuelle.

Desse klassane og gruppene reknar vi til **det arbeidande folket**. Arbei

darklassen må spela den leiande rolla innanfor denne klassealliansen for at samfunnet skal utvikla seg vidare fram mot kommunismen.

Denne sosialistiske statsmakta må vera proletariatets demokratiske diktatur, der arbeidarklassen og det arbeidande folket har makta og imperialismen og kapitalistklassen vert undertrykt.

Proletariatets diktatur rettar seg mot

- restane av det gamle borgarskapet og andre som held fram å kjempa for å utbytta andre,
- representantar for utanlandske imperialistiske makter i Noreg,
- nye kapitalistar, statsbyråkratar og andre som vil freista å gjera seg til ein ny kapitalistisk utbytarklasse.

Desse klassane og gruppene definerar vi som **fienden**.

5.5.2. Den sosialistiske folkehæren

Det må byggjast opp ein ny hær på grunnlag av dei revolusjonære styrkane som har sikra sigeren i revolusjonen. I denne folkehæren må både kvinner og menn vera med. Han må ha eit nært samband med arbeidsfolk, tene interessene deira, forsvara sosialismen og helda fast på dei demokratiske og revolusjonære ideane som revolusjonen byggjer på. Det må og utviklas eit system med allmenn folkevæpning. Hæren må stå under leiing av offiserar som er lojale mot sosialismen. Kommunistpartiet må spela ei leiande rolle i hæren.

5.5.3. Statsleiing tufta på frie og hemmelege val.

Den sosialistiske statsleiinga må byggja på frie, hemmelege val til folkevalde forsamlingar, som igjen veljer regjering og lågare former for statsleiing. Slike organ må ikkje skilja seg frå folket og bli forsamlingar av byråkratar, men vera utøvande organ som arbeidar aktivt for å setja vedtak ut i livet. Representantane må kunne kallast attende av dei som har valt dei. Flest mogleg av leiarane i statleg og økonomisk byråkrati må vera folkevalde, ha vanleg arbeidarløn og rapportplikt og kunne trekkjast attende. Det må vera kvinne- og arbeidarkvotering i folkevalde organ. Desse organa skal ikkje verta dominerte av folk frå leiinga av statsbyråkratiet og økonomien. Representantar valde frå arbeidsplassane må få ein viktig plass ved sida av representantar frå geografiske krinsar.

Demokratiske arbeidarforsamlingar må få verkeleg makt på arbeidsplassane.

5.5.4. Det proletariske demokratiet.

Arbeidarklassen og folket treng demokratiet for å forma sitt eige samfunn

og si eiga framtid. Utan demokrati er det umogleg å utvikla samfunnet i retning av kommunismen, og statsbyråkratiet vil lett utvikla seg til ein ny overklasse. I sosialismen si historie er det gjort grove feil i høve til det sosialistiske demokratiet. Vi vil kjempa for desse rettane under sosialismen:

- Ytringsfridom, fridom til diskusjon og kritikk. Skal omfatta fridom til kritikk av regjeringspartiet og statsleiinga. Slike fridomar er føresetnader for utvikling av vitskap, kunst og kultur. Inngrep i ytringsfridomen skal berre vera unnatak, slik som forbod mot nazipropaganda, rasisme, kvinneundertrykking og sadisme. Inngrep må vera avgrensingar, slik at alt som ikkje er forbode skal vera lovleg.

- Fridom frå nasjonal undertrykking. Sjølvråderett for den samiske nasjonen og nasjonale rettar til alle nasjonale minoritetar.

- Kyrkja skiljast frå staten, full religionsfridom.

- Full juridisk jamstilling mellom kvinner og menn, medrekna tiltak for å sikra verkeleg jamstilling.

- Inga diskriminering eller undertrykking på grunnlag av seksuelt legning. Homofilt samliv anerkjennes som likeverdig med heterofilt.

- Personleg individuelt rettsvern for alle.

- Frie fagforeingar skipa og leia av arbeidsfolk sjølve og streikerett. Organisasjonsfridom og rett til å danne politiske parti og organisasjonar.

- Frie val der folk kan velja mellom kandidatar som representerar ulike politiske alternativ.

Systemet med demokratiske rettar må utvidast og utviklast slik at det gjev fordelar til arbeidarklassen. Det må og utviklas rettar som ikkje finst under kapitalismen, som arbeidsfolk sin rett til deltaking i radio og TV, innsyn i databankar osv.

Folket må kontrollere det sosialistiske statsapparatet og det må drivast organisert arbeidarkontroll med byråkratiet. Arbeidsfolk må meir og meir ta direkte del i statsstyret og dei som har leidande jobbar må gjera underordna jobbar i periodar.

5.5.5 Undertrykking av kontrarevolusjon.

Borgarskapet må undertrykkjast som klasse. Den kapitalistiske eigedomen vert avskaffa og freistnader på å oppretta kapitalistiske produksjonstilhøve på nytt vert undertrykt. Kontrarevolusjonær verksemd, spionasje og samarbeid med imperialismen for å skada sosialismen må og undertrykkjast. Dei einskilte medlemma av det gamle borgarskapet skal ha demokratiske rettar så lenge dei respekterer dei sosialistiske lovene.

Hovudmetoden for å undertrykkja borgarskapet under sosialismen er at det arbeidande folket tar del i demokratisk diskusjon og kritikk av borgarleg politikk, byråkrati og kapitalistiske tendensar, og at dei folkelege masseorganisasjonane mobiliserar mot dei. Statsapparatet sine tiltak mot borgarlege

tendenser må byggje på folkelege masserørsler og arbeidsfolk sine krav.

5.6 Utdanning og kultur for folket.

Staten må støtte og legge til rette for undervisning, vitenskap, kunst og kultur som særskilt tener det arbeidande folket. Utdanning skal vera gratis og det må vera kvotering til fordel for arbeidsfolk, kvinner og minoritetar. Staten må syta for at flest mogleg får vitenskaplege kunnskapar og gje gode vilkår for forskning og vitenskap. Det må vera vitenskapleg og kunstnerisk fridom.

5.7 Mot range idear om sosialismen.

Det sosialistiske demokratiet kan ikkje berre vera ei utviding av det borgarlege formal-demokratiet som i røynda ikkje gjev folket nokon avgjerande innverknad på utviklinga av samfunnet. Det må vera eit verkeleg demokrati og skipa dei formene og institusjonane som gjer at arbeidsfolk verkeleg kan ha makt over samfunnsutviklinga.

Sosialismen skal ikkje vera ein "monolittisk stat" der alle viktige avgjerder vert tatt av ei lita gruppe i spissen for kommunistpartiet og staten. Formelle juridiske særrettar for kommunistpartiet og krenkning av dei demokratiske rettane er ein fare for det sosialistiske demokratiet. Partiet må spela ei leiande politiske rolle gjennom overtyding og demokratisk, politisk arbeid.

5.8 Klassar og klassekamp i eit sosialistisk Noreg.

5.8.1 Klasser og klassekamp.

I heile tidbolken med utviklinga av sosialismen i Noreg, vil det vera klassekamp om korleis sosialismen skal utvikla seg. I den første tida vil hovudfaren for kontrarevolusjon koma frå dei kapitalistane, byråkratane og imperialistane som har mist posisjonane sine. Men historiske røysler syner at hovudfaren etter eit tid er at det oppstår eit nytt borgarskap innanfor den sosialistiske staten, det kommunistiske partiet og dei økonomiske verksemdene. Kampen mot at slike sjikt skal oppstå og konsolidera seg er derfor ein viktig del av klassekampen under sosialismen.

Arbeidarklassen må vera hovudkrafta i denne klassekampen. Det er viktig at det finst sjølvstendige arbeidarorganisasjonar, ei sjølvstendig fagrørsle og andre masseorganisasjonar som kan føra denne kampen. Sosialismen vil bety at dei andre delane av det arbeidande folket kjem nærare arbeidarklassen, slik at massebasisen for sosialismen vert styrkt.

I det sosialistiske samfunnet finst det to slags motsetningar, motsetningar i folket og motsetningar mellom folket og fienden. Desse motsetningane må

løysast på ulikt vis. Om delar av folket handsamas som om dei var fienden, vil det skada sosialismen alvorleg.

5.8.2 Kvinnekamp

Sjøl om sosialismen slår fast dei formelle like rettane til kvinner og menn, syner røynsla at det tar tid å bryta ned dei gamle patriarkalske haldningane og systema og oppheva mannen sine privilegier. Ikkje minst tar det tid å skapa dei materielle vilkåra for ei fullstendig kvinnefrigjering.

I heile denne tida er det naudsynt med organisert og omfattande kvinnekamp og ei sjølvstendig og sterk kvinnerørsle. Kampen for full kvinnefrigjering er uløseleg knytt til kampen for kommunismen.

5.9 Kommunistpartiet under sosialismen i Noreg.

Kommunistpartiet må leia arbeidarklassen og folket i oppbygginga av sosialismen og kampen for kommunismen. Partiet må vera den leiande krafta i kampen mot alle freistnader på å atterreisa kapitalismen.

Partiet må spela ei leiande rolle i den sosialistiske staten. Det må kjempa for politisk makt og stå i brodden for regjeringa. Men partiet må ikkje gro saman med regjeringsmakta. Det har ikkje noko krav på å diktera regjeringa. Får partiet fleirtalet mot seg, lyt det bøya av og gjera kompromiss. Partiet må respektera det sosialistiske demokratiet og folkeviljen.

Dersom det er fare for at eit mindretal av utbyttrarar kjem attende til makta må kommunistane alliera seg med andre som vil forsvara sosialismen og kjempa med alle middel for å hindra at kapitalismen vert atterreist.

Partiet må ikkje skilja seg frå arbeidarklassen og det folket det skal tena. Det må ha den viktigaste basisen sin ute mellom folk, på arbeidsplassane, i lokalsamfunna og i masseorganisasjonane. Eit fleirtal av partimedlemmane og fleirtalet i den valde leiinga på alle nivå må vera vanlege arbeidarar og arbeidsfolk som står i sitt vanlege arbeid.

Partiet må halda på marxismen som ein vitskapleg teori og kritisk analysera samfunnsutviklinga. Marxismen må ikkje degenerera til statsreligion. Partiet må leia masserørsla nedanfrå og ta parti for arbeidsfolk mot byråkratiet. Leiande funksjonærar i partiet må ikkje få høgare løner eller privilegier som skil dei frå vanlege arbeidsfolk. Karrieristar må reinskast ut av partiet. Partiet må krevja personleg disiplin og halda på tradisjonen med ideologiske kamp og drøfting av motsetningar. Målet er ikkje monolittisk einskap, men eit friskt indre liv, der politisk usemje kjem fram og vert klårlagt.

Arbeidsfolk utanfor partiet må og trenast opp i den vitskaplege sosialismen. Skiftar partiet likevel farge, vert det naudsynt å ta opp striden for eit nytt revolusjonært kommunistparti.

6. Den internasjonale kommunistiske rørsle

(Tidligere kap. 7)

6.1 Røynslene frå den kommunistiske verdsrørsle

Arbeidarklassen kan ikkje vinna over kapitalistklassen utan sjølv å skapa organisasjon, politisk leiing og ei vitskapleg forståing av samfunnet og revolusjonen. All røynsle visar at det er naudsynt med kommunistparti for å sigrå i den sosialistiske revolusjonen og leia klassekampen vidare under sosialismen.

Det felles politiske grunnlaget for den kommunistiske verdsrørsle er marxismen-leninismen-maoismen (eller Mao Zedongs tenkning). Denne teorien er i første rekke utforma av Marx, Engels, Lenin, Stalin og Mao Zedong.

Kapitalismen si utvikling og røynslene frå den kommunistiske rørsle stadfestar hovudlinene i denne teorien. Den kommunistiske rørsle har gjort feil og lidd nederlag, men den grunnleggjande teorien og politikken til den kommunistiske rørsle har synt seg å vera rett. Sosialismen har betydd enorme framsteg for meir enn ein milliard menneske. Det gjeld òg i land der sosialismen etter ei tid har gått under. Nokre av nederlaga var ikkje til å unngå på grunn av tilbakeliggjande økonomiske og politiske tilhøve. Andre skuldast feil i kommunistane sin teori og praksis. Det er viktig å studera dei historiske røynslene og dra lærdom av slike feil.

6.2 Kampen mot opportunismen og revisjonismen

Så lenge den kommunistiske rørsle har vore til har ho utvikla seg i strid med opportunistiske og revisjonistiske retningar. Kampen mot opportunismen og revisjonismen er eit uttrykk for klassekampen som finst i arbeidarklassen og folket sjølv og i kommunistpartiet. Det er umogleg for kommunistpartiet å halda seg raudt utan å halda fram med denne striden. Kampen mot revisjonismen er et vilkår for å sigrå i revolusjonen og bygginga av sosialismen.

Marx og Engels førte ideologisk kamp mot anarkismen og ulike formar for reformisme. Etter imperialismens gjennombrøt, og særleg etter Oktober-revolusjonen blei dei viktigaste motstandarane til kommunistane borgarlege og sosialdemokratiske leiarar. Dei var leiarar av borgarlege arbeidarparti og tente imperialismen sine interesser. Lenin og bolsjevikane førte an i denne viktige kampen mot sosialdemokratane i "den andre internasjonale". Stalin og det sovjetiske partiet førte kamp mot ulike revisjonistgrupper til høgre og "venstre", særleg trotskistane.

Det nye borgarskapet i Sovjet stadfesta makta si formelt på den 20. partikongressen i 1956. Men utfallet av klassekampen var gitt fleire år

tidlegare. Stalin freista å kjempa mot borgarlege tendensar også i sine siste år, men han har og sin del av ansvaret for at det nye borgarskapet fekk veksa fram i byråkratiet og partiet.

Den sterkaste og farlegaste forma for revisjonisme i verdsmålestokk er den Sovjet-leia moderne revisjonismen. Under dekke av kommunistiske frasar tener han klasseinteressene til ei imperialistisk supermakt.

Mao Zedong og det kinesiske kommunistpartiet gjekk i brodden for kampen mot denne revisjonimen, særlig gjennom det store oppgjeret med den moderne revisjonismen på sekstitalet. Dei slo fast at klassekampen held fram under sosialismen, at Sovjet og dei revisjonistiske landa var blitt kapitalistiske og at Sovjet sjølv var blitt ei imperialistisk supermakt.

Kommunistar i heile verda må forsvare dei riktige politiske og teoretiske resultata av desse kampane.

6.3 Oppgåvene for den kommunistiske verdsrørsla

Den kommunistiske internasjonale, Komintern, som vart stifta av Lenin, utretta mykje positivt for den revolusjonære kampen. Men det var feil å skipa Komintern som ein internasjonal demokratisk-sentralistisk organisasjon, med internasjonal disiplin underordna eit sentrum i Moskva.

I dag er det ingen grunn til å arbeida for organisasjonar av ein slik type. Men det er ei brennande oppgåve å sameina flest mogleg av dei verkeleg revolusjonære og kommunistiske partia og organisasjonane i verda i dag. Det må skje på grunnlag av marxismen-leninismen; alle parti og organisasjonar står på like line, ingen har krav på noko leiarskap, alle må læra av kvarandre og stø kvarandre.

7. Arbeidernes kommunistparti (marxist-leninistene)

(Tidl. kap. 8)

AKP(m-l) er skipa for å leia arbeidarklassen og det arbeidande folket i kampen for å styrta kapitalismen, oppretta sosialismen og kjempa for å skapa eit kommunistisk samfunn. AKP(m-l) byggjer på teorien og røynselene til den kommunistiske verdsrørsla, på marxismen-leninismen-maoismen (eller Mao Zedongs tenkning) og på partiets eigne studier og undersøkingar av samfunnet. AKP(m-l) er eit arbeidarparti, det er internasjonalistisk og samstundes patriotisk. Partiet sin organisasjon byggjer på den demokratiske sentralismen og masselina. Partiet brukar metoden med kritikk og sjølvkritikk og kjempar mot karriæremakrar og opportunistar innad. Partiet sameinar ope og hemmelig arbeid og partiet tuftar økonomien sin på sjølvberging.